

## **Blod, Snått & Juling**

### **"Ut-Av-Kroppen-Opplevelse"**

Visit "[Ut-Av-Kroppen-Opplevelse](#)" on MotoLyrics.com

Eg gjekk på innkjøp uten pengar  
det var ein tidleg søndagskveld  
fleire og fleire bekymringar  
om det eine eller det andra

Og på graset låg eit kjevebein  
tilsynelatende urørt  
så kom en tilfeldig forbipasserande  
og begynte å klypa meg i armen  
han begynte å klypa meg i armen

Ref.: Kroppen låg igjen, låg igjen, låg igjen  
eg vil ikkje inn i 'an 'gjen

Eg var i ein slags sinnstilstand  
eller simpelten såv eg  
fleire hundre intelligensa  
visste ikkje kor eg va hen  
for eg la kartet mitt 'gjen

Eg reiste meg opp  
då ble det en ut-av-kroppen-opplevelse  
uten å lyga; det var heilt topp  
uten å lyga; det var heilt topp

Ref. x2

Var i tvil om alt eg såg  
det var ikkje reint lite  
og samtidig som eg hørte baksnakk  
såg eg skyggen i han  
me la på veg og forsvann

Og da eg ropte på hjelp  
var det ingen som hørte  
for eg var ikkje lenger i min kropp  
uten å lyga; det var heilt topp  
uten å lyga; det var heilt topp

